

Møtereferat

Dato: 14.12.2017

Emne:	Referat frå regionalt planforum 12.12.2017 - Kommuneplanens arealdel i Lindås kommune	
Til stades:	Lindås kommune: Jørgen Herland (vara for utvalsleiar Ståle Hauge i plan- og miljøutvalet), Hogne Haugsdal, Line Thuen Waage, Marte Hagen Eriksrud HFK: Eva Katrine Taule, Hans-Christian Engum, Gunhild Raddum, Kari P. Kleppe, Grete Katrine Jacobsen, Gunnbjørg Austrheim, Anne Mette Porten. FM: Anne C.F. Eide SVV: Odd Høydalsvik, Tone Bøyum NVE: Toralf Otnes Kartverket: Aase Mldtgard Skrede Mattilsynet: Odd Tøsdal Invest in Bergen: Vidar Totland	
Forfall:		Sak: 2014/13624-120
Møtetid:	10.00-12.00	Møtestad: Fylkeshuset, møterom Sunnhordland

Møteleiar: Eva Katrine Taule**Referent:** Hans-Christian Engum

Referat frå Regionalt planforum 12.12.2017 Kommuneplanens arealdel – Lindås kommune

Innleiing ved Lindås kommune v/

assisterande rådmann Hogne Haugsdal, prosjektleiar Line Thuen Waage og Jørgen Herland (vara for utvalsleiar Ståle Hauge i plan- og miljøutvalet).

Kommunen har nyleg vedteken kommuneplanens samfunnsdel. Denne gir ein rekke føringar for arbeidet med arealdelen. Har også starta arbeide med kommunesamanslåing, og har fått på plass felles rådmann, dei andre rådmenna er etablert i ei toppleiargruppe. Planstrategien som vart vedteken i fjor dannar grunnlaget for arbeidet, denne har mål om å førebu samanslåing, førebu vekst, og definerer kva planbehov den nye Alver kommune vil ha. Planane som Lindås no utarbeider vil vere grunnlag for den nye kommunen.

Lindås kommune har arealplanar fordelt fordelt på fleire delplanar. Kommuneplanens arealdel frå 2011, Kommunedelplan for Mongstad, Kommunedelplan for Lindåsosane og Kommunedelplan for Knarvik – Alversund. Sistnemnde er også under rulling.

Planstrategien slår fast at arealdelen berre skal reviderast på enkelttema, men no er det eit politisk ønske om å ta inn fleire tema, mellom anna naust og fritidsbustader. Dette kan vere utfordrande dersom ein skal kome i mål innan juni 2019 i forkant av kommunevalet og kommunesamanslåing. Det skal vere styringsgruppemøte 13. desember der avgrensing vil bli drøfta vidare. Politisk er det nok ønskeleg med full rulling.

Som oppfølging av samfunnsdelen er det fire viktige perspektiv som må bli særleg handtert i arealdelen:

- Folkehelseperspektivet i samfunnsutviklinga
- Hovudtyngda av utvikling skal skje i Knarvik, og dei definerte nærsentera Lindås og Ostereidet
- Kvalitet i bumiljø
- Fokus på næringsstruktur (lokalisering) og å leggje til rette for havbruk

Kommuneplanen frå 2011 er basert på eit grundig arbeid dministrasjonen meiner det ikkje er behov for full rullering og har administrasjonen føreslått følgjande tema for rulleringa:

1. Sentrumsutvikling
2. Næring
3. Bustad og nærmiljø
4. Landbruks-, natur og friluftsområde
5. Grønstruktur

Den politiske styringsgruppa har gitt signal om at også naust og fritidsbustader må vere med som tema. Alle naust må visast i kommuneplan og det må bli vurdert nye naustområder og areal til småbåthamn. Vidare at ein må sikre ålmenta tilgang til strandsona.

Standardisering av føresegnar er også eit tema (det er i dag variasjonar mellom ulike planar).

Drøfting i planforum

Drøftinga i planforum vart strukturert omkring følgjande punkter:

- Full/begrensa rullering av KPA
- Fortetting og spreitt busetnad. Korleis arbeide vidare med strategiane 31 og 32 i samfunnsdelen
- Samfunnsdelen opnar for næring i sjø og større tilgang til strandsonen. Korleis handtere dette på ein god måte?
- Krav knytt til naust (eksisterande og nye). Krav til ROS og/eller KU dersom alle naust skal leggest inn?
- Konsekvensar av å ta ut eksisterande byggeområde og oppheving av eldre reguleringsplanar.

Full/avgrensa rullering av KPA

Her vart dei ulike møtedeltakarane utfordra til å kome med innspel om kva tema dei saknar og som kommunen bør vurdere i det vidare arbeidet.

NVE understreka at det må bli gjennomført ei ROS-analyse av alle nye utbyggingsområder, og då spesielt med tanke på risiko for ras og skred. Omtale av dette må inn i planprogrammet. Korleis er dette tema dekkja i eksisterande plan?

Kommunen peiker på at KPA 2011 har ei ROS-analyse som nyttast som grunnlag for alle planar i kommunen. Denne bør bli oppdatert. Det er også starta eit felles ROS-arbeid for nye Alver kommune for å samordne grunnlaget frå dei ulike kommunane.

Det er viktig at kommunen nyttar aktsomhetskarta til NVE, men kartvurderingar bør bli supplert med undersøkingar i felt. Dette er spesielt viktig i eit småskalalandskap som i Lindås. NVE har ei prosedyreskildring som ligg ute på nettsidene med skildring av metodikk for å vurdere skred og rasfare. Denne kan nyttast av ikkje fagkunnige personar.

NVE

NVE har rettleiar for flomfare i bekkar. Dersom kommunen ønskjer at NVE skal bidra meir konkret, kan NVE kome på besøk i kommunen. NVE oppmodar vidare om ikkje å bygge nært vassdrag, men at

kommuneplanen nyttar byggegrense mot vassdrag. Dette er fornuftig med tanke på fare og risiko, men også med tanke på vassdragsmiljøet. Ved utbygging må konsekvensutgreiinga tydeleggjere kva inngrepet inneber og kva konsekvensar dette medfører.

Fylkesmannen

Fylkesmannen peiker på at det er gjort mykje godt arbeid i samfunnsdelen som dannar eit godt grunnlag for vidare arbeid og detaljvurderingar. Det er viktig å oppdatere ROS-analysen og ikkje vere for snever i kva tema den fokuserer på, den må mellom anna ha fokus på klimatilpassing. Fylkesmannen arbeider med å samle ein del rettleiingsmateriell i høve samfunnstryggleik og beredskap i planarbeid som vil bli publisert innan kort tid.

Statens vegvesen

Kommunedelplan for E39 er under arbeid, i tillegg til Nordhordlandspakken og Alversund bru. Desse prosjekta må bli sett i samheng med kommuneplanens arealdel og vil vere førande for arbeidet. Det vil vere behov for deponiområder, permanente og midlertidige. SVV ser gjerne at kommunen gjer ein mogelegheitsstudie på dette området. Føresegner om byggegrense mot veg bør også bli vurdert nærmare i prosessen.

Samfunnsdelen har mange strategiar, delvis i motstrid. Kommunen må bringe fram eit kunnskapsgrunnlag om befolkningsutvikling og behov for bustader. Dette bør bli detaljert på å framskrive hushaldstypar for p konkret kunne vurdere kva bustader det er behov for.

Statens kartverk

Statens kartverk viser til arbeidet med det offentlige kartgrunnlaget som alle kommunane skal stadfeste som grunnlag for planarbeid. Det er viktig at dette blir lagt til grunn i prosessen vidare. Ny kommuneplan må bli laga etter gjeldande standard for kartutforming. Kartverket kan gjerne bidra med kvalitetskontroll undervegs.

Mattilsynet

Mattilsynet peiker på at det har kome ny drikkevassforskrift som må leggest til grunn for KPA. Kommunen må vurdere restriksjonar i nedbørsfelt i drikkevasskjeldene, her skal det også takast interkommunale omsyn. Kommunen er plikta til å ha totaloversikt over alle drikkevasskjelder i kommunen, jf. forskrifta § 26.

Invest in Bergen

Samfunnsdelen er overordna og ryddig med gode føringar for næringsutvikling. Lindås har store næringsareal i eksisterande plan, med ledig kapasitet mellom anna på Eidsnes. Dette området har, i likskap med Mongstad, utfordringar med kraftforsyning. NVE har bestilt ein rapport frå Multiconsult som ser på desse problemstillingane. Invest in Bergen bidreg gjerne i arbeidet med planen.

Kommunen kjenner til utfordringa med kraftforsyning og peiker på at kommunen generelt har behov for å vere tydelegare i planar med omsyn til krav til infrastruktur generelt.

Hordland fylkeskommune, folkehelse

Kommuneplanens samfunnsdel er svært bra på tema folkehelse. Det er viktig at alle dei gode føringane vert følgt opp i arealdelen.

Hordland fylkeskommune, fylkeskonservator

Kommunen har ein god kulturminneplan, men den har mest fokus på museum og samlingane og ikkje så mykje på areal. Det er difor viktig at dette vert handtert i kommuneplanens arealdel og temaet må bli trekt tydeleg fram i både planprogram og plandokument. Kommuneplanen må nytte omsynssoner og ha fokus på gode føresegnar og retningslinjer for kulturminne og kulturmiljø. Riksantikvaren har gode rettleiarar på dette området. Også knytt til gamle naustmiljø er det viktig med omsynssoner for å ta vare på viktige verdiar. Kva naustmiljø vil kommunen ta vare på og kor kan ein fortette?

Hordland fylkeskommune, planseksjonen

Planprogrammet må gjere greie for kva utgreingar og kunnskapsgrunnlag som skal bli lagt til grunn for arbeidet. Dette må inkludere eit utredningsprogram for konsekvensutgreiinga. Regional areal- og transportplan har retningslinjer for kva kunnskapsgrunnlag kommunane bør legge til grunn for kommuneplanarbeidet. Dette er viktige grunnlag for ei kunnskapsbasert dialog med regionale og statlege myndigheiter.

Kommunen vert oppmoda om å ha ein grundig vurdering av planens samla verknader, mellom anna med omsyn til transportbehov, i tillegg til konkret vurdering av arealkonfliktvurdering av kvart byggeområde. Planprogrammet må ha ei skildring av korleis konsekvensutgreiinga skal bli gjennomført.

Kommunen har hatt dialog med Fylkesmannen om kva tema som skal leggest til grunn for konsekvensutgreiinga og lager eit program for KU.

Regional plan for attraktive senter inneheld føresegn for handelsetableringar. Denne gjeld inntil den er innarbeidd i kommuneplanane. Inntil dette skjer må alle handelsetableringar i kommunen ha samtykke frå fylkeskommunen. I denne samanheng er det også viktig at kommunen definerer utstrekninga av sentrumsområda då dette vil vere førande for lokalisering av handel. Kommuneplanen bør også inkludere ei vurdering av korleis ein handterer unntaka frå føresegna i den regionale planen.

Kommunen viser til at dei har fått støtte frå HFK for å sjå på desse problemstillingane. Kommunen er også einig i at KPA må bli tydelgare på kva type næring som skal lokalisert kor.

Øvrige innspel

Lindås kommune er ei føregangskommune på folkehelse, mellom anna når det gjeld å ta i bruk velferdsteknologi. Tenker kommunen at det er det noko arealkonsekvens av dette?

Kommunen har fokus på å koordinere infrastruktur, til dømes at ein legg til rette for fiber og anna infrastruktur ved bygging av veg. Generelt må kommunen drøfte kva verkemiddel ein skal nytte, og kva krav til infrastruktur ein skal stille i kommuneplan og reguleringsplanar.

Det vert stilt spørsmål ved behovet for å ta med naust og fritidsbustader som tema i denne rulleringa. Desse tema er handtert godt tidlegare. Generelt vert det tilrådd til å nytte småbåthamner for å skape tilgang til sjø, meir enn mange enkeltnaust.

Kommunen tenker at det kan vere behov for å sjå på eksisterande naust og knytte retningslinjer og føresegn til desse områda. Det er behov for å samordne med dei andre kommunane i nye Alver kommune (sjå vidare drøfting av naust).

Det vart peika på at framdriftsplanen med vedtak i juni 2019 vil vere utfordrande dersom ein tek med for mange tema.

Fortetting og spreitt utbygging

Gjennom arbeidet med samfunnsdelen er det tenkt mykje bra i forhold til folkehelse og mobilitet med fokus på å legge til rette for sykkel og gange. Byregionsamarbeidet har også gitt mykje godt kunnskapsgrunnlag som kommunen bør bygge vidare på. Regional transportplan har eit tiltak som handlar om å legge til rette for sykkelbysamarbeid i regionsenterkommunane.

Det vert stilt spørsmål ved strategi nr. 32 i samfunnsdelen, og kva ein legg i å «leggje til rette» for spreitt utbygging. Ein kan til dømes ikkje vente at kollektivtilbodet skal legge til rette for å bygge i heile kommunen. Det vert vist til Regional areal- og transportplan og Kollektivstrategien.

Det er viktig at kommuneplanen følger opp føringane i Regional areal- og transportplan for Bergensområdet og samfunnsdelen om at hovudtyngda av utvikling skal skje i den regionale vekstsona omkring Knarvik. Spreitt utbygging kan nyttast, men dette er å sjå som unntaksregelen. Det er viktig å utarbeide oversikt over arealreserve og fortettingspotensial som grunnlag for diskusjonen om fordeling av utbygging i regional vekstsona mot resten av kommunen. Tankane kommunen har om eventuelt å dele inn i ulike soner med ulike krav kan vere interessant å sjå nærmare på i prosessen.

Det vert vist til nullvekstmålet for personbiltransporten som er definert som mål i Nasjonal transportplan og i regionale planar. Dersom Lindås kommune har ambisjonar om å bli inkludert i framtidige byvekstavtalar, vil det bli stilt strenge krav til arealpolitikken.

Statens vegvesen viser til at det er ein fordel at mest mogeleg av utbygginga skjer i regulerte felt der ein kan stille krav til sikkerheit og trygg ferdsel. Tryggleik handlar også om trygg ferdsel heile vegen til målpunkta.

Kommunen viser til at det er politisk usemje internt om kor mykje ein skal fortette omkring Knarvik. Mellom anna vert det lagt vekt på at Mongstad er den største arbeidsplassen i kommunen, og at dette bør kunne opne for utbygging i dette området.

Kommunen viser også her til at ein vil måtte vurdere differensierte krav til infrastruktur og tryggleikskrav. Dette kan bli sett i samheng med ei soneinndeling i kommuneplanen.

Det vart peika på at å satse på regionsenter og senterutvikling vil gjere kommunen meir attraktiv og dermed også tiltrekke seg meir folk og arbeidsplassar. Viktig å bygge inn kvaliteter i bustadområda og dette må vere tema i kommuneplanen.

Samfunnsdelen opnar for næring i sjø. Korleis handtere dette på ein god måte.

Det vart stilt spørsmål om kommunane er einige om å starte eit interkommunalt planarbeid for kyst og sjøområda? Hordaland fylkeskommune peiker på at dette er eit tema som er svært eigna for å samkøyre i felles planprosesser på tvers av kommunegrensene og tilrår at dette blir gjennomført framfor å ta det inn som tema i rulleringa av KPA.

Kommunen peiker på at det vil vere behov for å justere og arrondere allereie eksisterande anlegg på nytt, og meiner det vil vere naudsynt å gjere dette i rulleringa no. Anlegga vert større og avsett areal er for små. Den interkommunale planen blir nok meir overordna og å rekne som eit kunnskapsgrunnlag, og at konkret arealbruk vert fastsett i KPA.

Vil kommunen nytte prosessen til å finne næringsareal til sjø? Samfunnsdelen har føringar for at dette skal bli vurdert, då også eventuelt akvakultur på land.

Krav knytt til naust

Kommunen må gjennomføre ei kartlegging av kva ein skal ta omsyn til når ein skal legge ut nye område for naust. Tilkomst og parkering er viktige tema å fokusere på. Det er også her naudsynt å gjere ROS-analyser med spesielt fokus på klimaendringar og havnivåstigning.

Det er motstrid mellom ønska om å tilgjengeleggjere strandsona og legge ut nye naustområde. Det vert vist til statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona. Kommunen finn det utfordrande at heile kommunens areal er plassert i sone 2 i desse retningslinjene, når deler av kommunen er i same situasjon som Austrheim som er i sone 3. Hordaland fylkeskommune peiker på at retningslinjene nettopp opnar for at kommunen kan differensiere sin forvaltning gjennom KPA.

Mange naust ligg i dag i uregulerte område, og kommunen ønskjer at planen kan stadfeste eksisterande bruk for å unngå unødige dispensasjonar.

Når det gjeld nye naustområde vil Hordaland fylkeskommune tilrå at omfanget vert avgrensa og at småbåthamner er det som er anbefalt å nytte for å sikre tilgang til båt og sjø. Noko av bakgrunnen er at naust ofte ender opp som fritidsbustader heller enn naust.

Nye byggeområder i kommuneplanen må ha konsekvensutgreiing og ROS-analyse. Ein må og vurdere dette når ein stadfestar eksisterande bruk gjennom KPA.

Konsekvensar av å ta ut eksisterande byggeområde og oppheving av eldre reguleringsplanar

Kommunen vert oppmoda om å vurdere å ta ut byggeområder i kommuneplanen som ikkje er bygd ut, og som ikkje er i tråd med nasjonal og regional politikk. Formelt sett kan ein ta ut alle område i kommuneplanen, men dersom det også er gjeldande reguleringsplan for området gjeld vanlege prosessreglar for oppheving av reguleringsplan. I 2017 har plan- og bygningslova blitt endra, slik at myndigheita til å oppheve reguleringsplanar som er i strid med overordna plan, kan bli delegert frå kommunestyret. Regionale areal- og transportplan for Bergensområdet har ei retningsline som peiker på at ved rullering av kommuneplanen bør utbyggingsareal som enno ikkje er regulert bli vurdert på nytt dersom dei ikkje er i tråd med mål, strategiar og retningsliner i den regionale planen. Kommunen står sjølvstendig fritt til også å vurdere område med reguleringsplan.

Andre drøftingsmoment

Kommunen peiker på at KPA ikkje vil bli ei samla plan for heile kommunen, men at kommunedelplanane framleis skal gjelde. Regionale og statlege myndigheiter tilrår at kommuneplanen synleggjer den samla arealbruken i heile kommunen. No når ein har parallelle prosesser med kommunedelplan for Knarvik-Alversund, må kommunen sikre at planane vert sett i samanheng og at høyringspartar får eit grunnlag for å sjå kommunens samla arealbruk under eitt. Dette vil mellom anna vere naudsynt for å avgjere om kommunen følgjer opp Regionale areal- og transportplan for Bergensområdet.

Kommunen vert rådd til å utforme silingskriterier for å vurdere innkomne arealforslag, og desse bør bli innarbeidd i planprogrammet. Dei bør vere basert på overordna føringar i regionale planar og forankra politisk i kommunen. Dette vil forenkle kommunens arbeid med å vurdere enkeltinnspela.